

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
100/21	Plan- og kommunalteknisk utval	PS	24.11.2021
096/21	Formannskapet	PS	17.11.2021
106/21	Heradsstyret	PS	08.12.2021

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hege Eeg	17/1222

Strategi for tilsyn etter plan- og bygningslova 2022-2024

Vedlegg:

Strategi 2022-24

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"Strategi for tilsyn etter plan- og bygningslova 2022-2024 vert godkjent, jf. plan- og bygningslova § 25-1, jf. forskrift om byggesak § 15-2."

Formannskapet - 096/21

FS - behandling:

Hjalti H. Gislason, H, gjorde slikt endringsframlegg:

"Formannskapet ber om at fylgjande språkvask og kosmetiske endringar vert utført:

1. Side 3 vert punktum etter teksten «sakstypar med vidare» endra til komma.
2. Øvst på side 6 vert teksten «2019-2021» stroke.
3. Side 10 vert bilete frå AppStore av applikasjonen «Direktoratet for byggkvalitet kommunale tilsyn» justert slik at teksten bak vert synleg.
4. Side 11 i §8.1 andre setning vert «Kommunestyret» endra til «Heradsstyret»"

Hjalti H. Gislason, H, gjorde slikt tilleggsframlegg:

"Det vert lagt til nytt avsnitt i §7:

7.4 Rapportering

Det skal lagast ei oppsummering av tilsynsaktiviteta kvart år som rapporterer på måloppnåinga definert i §5. Rapporten skal også gje ei oversikt og vurdering over omfanget av tilsyn som skildra i §6. Rapporten skal leverast som melding til Plan- og kommunalteknisk utval innan utgangen av første kvartal kvart år."

AVRØYSTING:

Hjalti H. Gislason, H, sitt endringsframlegg

Røyster for: Samrøystes

Hjalti H. Gislason, H, sitt tilleggsframlegg

Røyster for: Samrøystes 2SP, 2H, 2FRP, 2AP, 1KRF

Rådmannen sitt framlegg med dei vedteke endringane:

Røyster for: Samrøystes 2SP, 2H, 2FRP, 2AP, 1KRF

FS - vedtak:

Strategi for tilsyn etter plan- og bygningslova 2022-2024 vert godkjent, jf. plan- og bygningslova § 25-1, jf. forskrift om byggesak § 15-2, med følgjande endring og tillegg:

1. Det vert lagt til nytt avsnitt i §7:

7.4 Rapportering

Det skal lagast ei oppsummering av tilsynsaktiviteta kvart år som rapporterer på måloppnåinga definert i §5. Rapporten skal også gje ei oversikt og vurdering over omfanget av tilsyn som skildra i §6. Rapporten skal leverast som melding til Plan- og kommunalteknisk utval innan utgangen av første kvartal kvart år.

2. Formannskapet ber om at følgjande språkvask og kosmetiske endringar vert utført:

- 1. Side 3 vert punktum etter teksten «sakstypar med vidare» endra til komma.**
- 2. Øvst på side 6 vert teksten «2019-2021» stroke.**
- 3. Side 10 vert bilete frå AppStore av applikasjonen «Direktoratet for byggkvalitet kommunale tilsyn» justert slik at teksten bak vert synleg.**
- 4. Side 11 i §8.1 andre setning vert «Kommunestyret» endra til «Heradsstyret»**

Plan- og kommunalteknisk utval - 100/21

PL - behandling:

Utvalsleiaren gjorde slikt framlegg: Plan- og kommunalteknisk utval stiller seg bak vedtaket i formannskapet.

AVRØYSTING:

Utvalsleiaren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

PL - vedtak:

Strategi for tilsyn etter plan- og bygningslova 2022-2024 vert godkjent, jf. plan- og bygningslova § 25-1, jf. forskrift om byggesak § 15-2, med følgjande endring og tillegg:

1. Det vert lagt til nytt avsnitt i §7:

7.4 Rapportering

Det skal lagast ei oppsummering av tilsynsaktiviteta kvart år som rapporterer på måloppnåinga definert i §5. Rapporten skal også gje ei oversikt og vurdering over omfanget av tilsyn som skildra i §6. Rapporten skal leverast som melding til Plan- og kommunalteknisk utval innan utgangen av første kvartal kvart år.

2. Formannskapet ber om at fylgjande språkvask og kosmetiske endringar vert utført:

1. Side 3 vert punktum etter teksten «sakstypar med vidare» endra til komma.
2. Øvst på side 6 vert teksten «2019-2021» stroke.
3. Side 10 vert bilete frå AppStore av applikasjonen «Direktoratet for byggkvalitet kommunale tilsyn» justert slik at teksten bak vert synleg.
4. Side 11 i §8.1 andre setning vert «Kommunestyret» endra til «Heradsstyret»

Heradsstyret - 106/21

HS - behandling:

Framlegg og votering i saka går fram i protokoll for votering

HS - vedtak:

Strategi for tilsyn etter plan- og bygningslova 2022-2024 vert godkjent, jf. plan- og bygningslova § 25-1, jf. forskrift om byggesak § 15-2, med følgjande endring og tillegg:

1. Det vert lagt til nytt avsnitt i §7:

7.4 Rapportering

Det skal lagast ei oppsummering av tilsynsaktiviteta kvart år som rapporterer på måloppnåinga definert i §5. Rapporten skal også gje ei oversikt og vurdering over omfanget av tilsyn som skildra i §6. Rapporten skal leverast som melding til Plan- og kommunalteknisk utval innan utgangen av første kvartal kvart år.

2. Formannskapet ber om at fylgjande språkvask og kosmetiske endringar vert utført:

1. Side 3 vert punktum etter teksten «sakstypar med vidare» endra til komma.
2. Øvst på side 6 vert teksten «2019-2021» stroke.
3. Side 10 vert bilete frå AppStore av applikasjonen «Direktoratet for byggkvalitet kommunale tilsyn» justert slik at teksten bak vert synleg.
4. Side 11 i §8.1 andre setning vert «Kommunestyret» endra til «Heradsstyret»

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

I perioden 2019-2021 har rådmannen nytta vedtekne strategiplan for tilsyn etter plan- og bygningslova. Røynslene viser at det har vore nyttig å ha ein slik strategiplan og det er etter

rådmannen si vurdering ikkje naudsynt å gjere store endringar. Strategien har vore rettleiande for prioritering og handsaming av mogleg ulovlege tilhøve.

I perioden 2019-2021 har vi følgd opp ei rekke saker og løyst fleire av dei utan at det har vore naudsynt å krevje inn tvangsmulkt. For å gjere dette, følgjer alle sakshandsamarane opp saker i tillegg til at vi hadde ein person på engasjement i tre månadar i 2019 dedikert til ulovlegoppfølging. Nokre saker har vore omfattande og krevd mykje arbeid over tid. Det er difor ikkje mogleg å følgje opp for mange saker om gongen. I 2020 og 2021 har det vore fokus på oppfølging av massedeposering og terrengendringar.

Bakgrunn

Kommunane har etter plan- og bygningslova kap. 25 plikt til å føre tilsyn i byggesaker i eit slikt omfang at lovbrøt vert avdekka. Samstundes har kommunane etter plan- og bygningslova kap. 32 plikt til å følgje opp lovbrøt som vert avdekka.

Kommunen sitt arbeid med tilsyn og oppfølging av lovbrøt skal nedfellast i ein strategiplan, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 15-1. Strategiplanen skal gje oversyn over dei mål og prioriteringar som statlege og kommunale styresmakter har gjeve innan tilsynsområdet, og gjere greie for kva tema, fagområde, sakstypar med vidare kommunen vil prioritere å følgje opp.

Tidlegare var det samarbeid tidlegare mellom kommunar i Nordhordland. Dette er avslutta og det er ikkje planlagt eit slikt samarbeid i framtida.

Osterøy kommune gjer tilsyn så langt ein har kapasitet. Moglege ulovlege tilhøve følgjast opp etter den til ein kvar tid gjeldande strategi. Byggesaksavdelinga prioriterar å halde sakshandsamingsfristar i dei ordinære byggesakene, framfor fleire tilsynssaker.

Vurdering

Rådmannen legg til grunn at tilsyn og oppfølging av lovbrøt er lovpålagte oppgåver som kommunen ikkje har høve til å velje bort.

Rådmannen vurderer difor at det er naudsynt å vedta ein oppdatert tilsynstrategi, og med det ei politisk forankring av arbeidet med tilsyn og oppfølging av brot på plan- og bygningslova.

Folkehelse – Det kan vere god folkehelse i at tiltak vert planlagde og at innbyggjarane vert høyrde.
Miljø – Det kan ha tyding for miljøet at alle søknadspåleggande tiltak vert søkt om i brei forstand. Fleire ulovlege tilhøve, kan ha negativ verknad på miljøet.

Økonomi – Fleire søknadar gir gebyrinntektar, men dei skal dekke kommunen sine utgifter med

sakshandsaming. Økonomi er difor ikkje eit tungtvegande argument.

Konklusjon

Rådmannen rår til at strategiplan for tilsyn etter plan- og bygningslova 2022-24 vert godkjent, jf. plan- og bygningslova § 25-1, jf. forskrift om byggesak § 15-2.